

Masfjorden kommune  
Kontrollutvalet

Isdalstø, 27.10.2014

### Prosjektrekneskap Matre Symjebasseng

Vi har revidert prosjektrekneskapen for Matre Symjebasseng og har ingen vesentlege merknader til sluttrekneskapen. I denne rapporten vil vi kommentere nokre moment i tilknytning til prosjektet som er notert under vår gjennomgang.

#### **Budsjett**

I KS 093/10 vart det gjort vedtak om ramme for prosjektet på kr 7,8 mill. I fylgje sluttrekneskapen vart ramma utvida med kr 2,1 mill. i 2012. Denne endringa er vedteken i KS 060/12 som gjeld budsjettrevisjon av årsbudsjettet 2012. Under faktadel investeringar er opplyst at totalkostnad for prosjektet er kr 9,2 mill. og det vil sei ei overskriding på kr 1,4 mill. Under konklusjon framkjem «I tillegg er kalkdoseraranlegg Frøysetvågen og Matre symjebasseng teke inn. Desse har KS vedtak tidlegare år, men prosjekta vert ikkje ferdigstilt før i 2012».

Endring i investeringsbudsjett kan mellom anna skuldast endring i total ramme eller at prosjekta blir tidlegare eller seinare ferdig enn planlagt. Når det er endring i ramme for prosjektet bør det framgå kva som er årsak til endringa og eit klart vedtak om at ramma er auka. I mange tilfelle vil eiga sak om endring i ramme vera formålstenleg.

I dette tilfelle er vedtak om endra budsjett gjort etter at overskriding har skjedd. For reell politisk styring av investeringsrammer bør slike vedtak gjerast når ein har oversikt som tilseier at prosjektet vil medføra eit meirforbruk.

#### **Innkjøpsprotokoll**

Det er vedlagt innkjøpsprotokoll for kjøp av konsulenttenester. Her er ikkje gjennomført konkurranse med grunnlag i at ein ikkje kjende til andre leverandørar og at arbeidet vart meir omfattande enn forventa.

Vi meiner ein bør gi meir opplysningar i slike tilfelle. Mellom anna namn på leverandør som er tildelt oppdraget og kva som er gjort for å finne alternative leverandørar. I tillegg kan det vera aktuelt å påføre ei ny vurdering når ein ser at arbeidet overstig tidlegare anslått omfang for å vurdere om det er ei ny anskaffing. Utan utfyllande opplysningar er det vanskeleg å vurdere om reglar for offentlege innkjøp er følgd når ein ikkje har gjennomført konkurranse.

Med venleg helsing  
Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik  
Revisjonssjef